



Tom Andre Svindal  
Oferåsen 31 A  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17116 - 20/65781

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
26.10.2020

## **Frist for innsending av ny serviceavtale for minireinseanlegg før fakturering av tvangsmulkt og førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt (dagmulkt) - gbnr 1/59**

**Tiltak:** Gjenoppretting serviceavtale  
**Byggjestad:** Gbnr: 1/59  
**Tiltakshavar:** Tom Andre Svindal

Tidlegare Meland kommune mottok i 2018 melding frå føretaket Biovac Environmental Technology AS om at serviceavtalen for installert minireinseanlegg på gbnr 1/59, med adresse Flatøyvegen 200, 5918 Frekhaug, var broten med verknad frå 05.12.2018. Det ble sendt ut melding om dette frå kommunen i førehandsvarsel av 06.02.2019. Pålegg om gjenoppretting av avtalen vart sendt ut 08.04.2018. Du var i kontakt med oss i mai 2019 og ba om fristutsettning i nokre månader. Dette vart innvilga i brev av 27.05.2019.

Brev om ilegging av tvangsmulkt vart sendt frå kommunen den 12.11.2019. Dette brevet kom i retur til Alver kommune 09.1.2020. Det har ikkje lukkast oss å oppnå kontakt med deg på telefon. Vedtaket om tvangsmulkt er rettskraftig og tvangsmulkt blir fakturert dersom vi ikkje får kopi av ny serviceavtale innan 15.11.2020.

Minireinseanlegg skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale, jf. forureiningsforskrifta § 12-13. Utslepp frå prefabrikerte minireinseanlegg er berre gyldig når det ligg føre godkjend serviceavtale.

*«Når det er fare for forurensing i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensingen sørge for tiltak for å hindre at den inntre.»*

Pålegg som ikkje vert etterkome vil bli følgd opp med tvangsmulkt, jf. forureiningslova kap. 9.

Vi ber deg snarast om å kontakte leverandør for å iverksetja avtalen igjen. Du kan sjølv velje leverandør av tjenesten, viss du ikkje ønskjer å behalde serviceavtalen hos Biovac AS.

Viser til sak nr 18/2758 – 19/7838 frå tidlegare Meland kommune, der du i brev av 08.04.2019 vart ilagt tvangsmulkt stor **kr. 25 000** med frist til **05.07.2019** til å gjenopprette serviceavtalen.

Dersom vi ikkje mottar melding om at avtalen er satt i drift igjen **innan 15.11.2020** eingongsmulkten bli fakturert. Kommunen varslar samstundes om at vi vil ilegge utvida tvangsmulkt i form av dagmulkt på **kr. 200 pr. dag** inntil serviceavtalen ligg føre. Du vil motta eige vedtak om dagmulkt dersom ikkje avtalen vert satt i drift igjen.

Du kan unngå tvangsmulkt dersom du gjenopprettar servcieavtalen **innan 15.11.2020**.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Krav til vedlikehald og drift av minireinseanlegg følgjer av forureiningsforskrifta § 12-13.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Tom Andre Svindal

Oteråsen 31 A

5914

ISDALSTØ